

Forsuring, tålegrenser og kalking

Svensk-norsk seminar i Stavanger.

Svenske Naturvårdsverket og norske Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norsk Vannforening og Norsk limnologforening arrangerte 18. til 20 september 2001 seminaret "Forsuring, tålegrenser og kalking". Seminaret blei arrangert i Stavanger, og blei opna med ekskursjon til Frafjordelva og Bjerkreimsvassdraget i Rogaland med orientering om forsuringssituasjon, kalking og fiskeforvaltning i dei to vassdraga. Seminaret samla rundt 40 svenske og 75 norske deltakarar frå forskingsmiljø og forvaltning.

Forsuring er eit omfattande miljøproblem både i Europa og Nord-Amerika, og Norge og Sverige er dei to enkeltland som er hardesta ramma av sur nedbør. I begge landa er naturlege fiskebestandar i ferskvatn skadd eller utrydda over store område. Kalking er sett i gang som midlertidige mottiltak i begge land. Mange bestandar av fisk og andre ferskvassdyr- og planter er reetablert i vassdrag som er kalka. Naturvårdsverket har det overordna ansvaret for kalkingsverksemda i Sverige, og Direktoratet for naturforvaltning det tilsvarande i Norge. Begge land driv forskings- og utviklingsarbeid i samband med forsuring og kalking for å følge med i utviklinga av forsuringssituasjonen og for å utvikle ein økonomisk optimal kalkingsteknologi basert på økologisk kunnskap. Dette svensk-norske seminaret var det fjerde i rekka der norske og svenske fagmiljø innafor forsuringforsking og kalkingsforvaltning kan møtast og diskutere felles problemstillingar.

I dette spesialnummeret av Vann publiserer vi ein del av foredraga som blei presentert på seminaret. Artiklane orienterer om den aktuelle forsuringssituasjonen og framtidsutsikter, samt rapporterer resultat frå kjemiske og biologiske effektstudiar av forsuring, samt drøftar problemstillingar omkring tålegrenser for forsuring, samt viser eksempel på effektar av kalking og ser på alternative avsyrrings/avgiftings metodar. Vi

takkar alle som deltok på seminaret for innsatsen. Særleg stor takk til dei som stilte med foredrag eller poster på seminaret, og som har gitt bidrag til denne skriftlege dokumentasjonen.

Utgivelsen av dette spesialnummeret er støttet økonomisk av Direktorat for naturforvaltning, DN, og Steinar Sandøy, DN, har bistått i arbeidet med redigeringen

DIREKTORAT FOR NATURFORVALTNING

NORSK VANNFORENING